



Øksnes Anlegg AS
Rundhovde
5281 VALESTRANDSFOSSEN

Referanser:
Dykkar:
Vår: 17/401 - 17/14371

Saksbehandlar:
Anne Lise Molvik
anne.lise.molvik@lindas.kommune.no

Dato:
19.05.2017

Førebels svar på søknad med krav om tilleggskontroll - gbnr 16/17 Askeland nordre

Kommunen stadfestar å ha motteke dykkar søknad

Mottakskontroll

Kommunen har kontrollert søknaden og finn at den ikkje er fullstendig, jf. byggesaksforskrifta (SAK) § 5-4. Vi ber om at søknaden vert supplert med følgjande dokumentasjon:

Nabovarsel

Titaket er ikkje tilstrekkeleg nabovarsla. Gjenbuar på gbnr 16/2 må varslast.

Forholdet til gjeldande plan

Tiltaket krev dispensasjon frå gjeldande plan når det gjeld gesimshøgde og byggjegrænse langs fylkesveg 394.

I samsvar med punkt 5.14 i føresegnene til kommuneplanen er maksimal gesimshøgde fastsett til 6,0 meter. Omsøkt gesimshøgde er 6,9 meter og må reduserast, eventuelt må det søkjast om dispensasjon for dette tilhøvet.

Omsøkt tilkomstveg ligg innanfor byggjegrænsa langs fylkesveg 394 som er 15 meter frå midt veg, jf punkt 1.6 i føresegnene til kommuneplanen. Plassering av veg som omsøkt krev at det vert søkt om og gitt dispensasjon frå byggjegrænsa. Det er kommunen som gjer vedtak om dispensasjon etter uttale frå Statens vegvesen.

Avkjøringsløype

Eigedomen har avkjøring til fylkesveg 394. Det er Statens vegvesen som gjer vedtak om avkjøringsløype frå fylkesvegar. Tiltaket er i samsvar med gjeldande plan når det gjeld arealføremål. Kommunen har send melding til Statens vegvesen om dette og avventar handsaming av søknaden om avkjøringsløype, jf skriv datert 19.05.2017.

Utsleppsløype



Utsleppsløyve er gitt i eige vedtak. Før byggjeløyve kan gjevast må det dokumenterast rett til å føra avlaupet frå anlegget inn på eigedomen gbnr 17/3.

Kommunen ber om at tilleggsinformasjon vert sendt inn samla innan 01.07.2017. Dersom informasjonen ikkje er sendt til kommunen innan fristen, vert saka tatt til handsaming ut frå dei opplysningane som ligg i søknaden.

Sakshandsamingsfrist

Tidsfristar for sakshandsaming går fram av plan- og bygningslova § 21-7, jf. SAK § 7-1.

Gebyr

Gebyr vert rekna ut i frå Lokal forskrift om gebyr for teknisk forvaltningsteneste. Det vert sendt ut krav om gebyr i samsvar med gjeldande forskrift når saka er ferdig handsama.

Med helsing

Siril Sylta
avdelingsleiar

Anne Lise Molvik
rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Kopi til:

Håvard Dyrkolbotn

Stranda 480

5993

OSTEREIDET

Mottakarar:

Øksnes Anlegg AS

Rundhovde

5281

VALESTRANDSFOSSEN